

Saksframlegg

Dato: 22.09.2020
Saksnummer: 20/33879-1
Deres ref.: Deres ref.

| Planlagt behandling i følgende utvalg: | Sak nr.: | Møtedato: | Votering: |
|--|----------|------------|---------------|
| Stavanger formannskap -AU | 16/20 | 29.09.2020 | På sakslisten |
| Stavanger formannskap | 16/20 | 01.10.2020 | På sakslisten |

Interpellasjon fra Sissel Knutsen Hegdal (H) til formannskapet 01.10.2020 vedr. Stavanger kommune - deltakar i Ryfylke IKS

Forslag til vedtak:

I hht reglementets §22 fremmer representanten Sissel Knutsen Hegdal (H) følgende interpellasjon:

Stavanger kommune bør söke å bli tatt opp som deltakar i Ryfylke IKS

«Ordfører,
24 busette øyar ligg som perler i det som tidlegare var Finnøy og Rennesøy kommunar og er no ein del av Stavanger kommune. Ryfylke er den største geografiske regionen i Rogaland. Lengst nord i Ryfylkeregionen ligg Sauda, lengst sør Forsand og Sandnes, og i vest ligg vårt eige øyrike, Rennesøy og Finnøy.

Ryfylke IKS er samarbeidsrådet for kommunane i Ryfylke. Det er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.1.1999 nr. 6, med kommunane Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand som opphavlege deltakarar. Andre kommunar har høve til å söke medlemskap. Etter kommunesammenslåinga mellom Forsand og Sandnes er Sandnes kommune no medlem av Ryfylke IKS.

Etter opninga av Ryfast er Stavanger kommune sjølvaste porten til Ryfylke. Kommunen har som følge av det eit stort ansvar i høve utvikling av heile regionen, særskild i saker knytt til samferdsel, turisme og liknande. Etter kommunesammenslåinga mellom Finnøy, Rennesøy og Stavanger er kommunegrensa flytta frå Byfjorden til Ombo- og Hjelmelandsfjorden. Vår kommune utgjer med andre ord ein stor del av Ryfylke, noko som er det etter mitt syn gjer det naturlig at også Stavanger blir eit aktivt medlem i Ryfylke IKS. Ryfylke IKS har i fleire år hatt forpliktande samarbeid som skal løfta og utvikla Ryfylke på mange ulike felt. Det kan vera alt frå arbeid med kraftkrevjande industri til samferdsleprosjekt.

Formålet med selskapet er å styrke regionen gjennom interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet driv si

verksemd dels i eigen regi og dels som tilretteleggjar for både offentlege og private aktørar. Samarbeidet byggjer på deltaking frå likeverdige parter og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd. Selskapet kan og inngå samarbeidsavtalar med kommunar, andre selskap og verksemder.

Ryfylkerådet – ordførarar og rådmenn i eigarkommunane – er selskapet sin operative eigar. Kontoret ligg i dag på Hjelmeland og har 2 tilsette i tillegg til prosjektmedarbeidarar.

Det er viktigare enn nokon gong at kommunane samarbeider om næringsutvikling og tilrettelegging for arbeidsplasser. Regionen vår er eit felles bu og arbeidsmarked, og Ryfylke er ein viktig del av det. Vi treng meir samarbeid, ikkje mindre. Utfordringane kommunane vil møte i åra som kjem må løysast saman, ikkje kvar for seg. Det er difor viktig at Stavanger kommune snarast rå tek initiativ til å bli medlem i Ryfylke IKS.

Ordfører, eg fremjer med bakgrunn i ovanståande fylgjande forslag til vedtak:

1. Stavanger kommune søker om å bli tatt opp som deltakar i Ryfylke IKS.
2. Kommunedirektøren vert beden om å fremje ei sak til formannskapet som tilrettelegg grunnlaget for slik søknad, der også dei økonomiske pliktene med eit slikt medlemskap vert synleggjort.»

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.